



NGIR sine medlemskommunar

Gebyr slam for 2018

Representantskapet i NGIR gjorde 13.11.17 vedtak om kva gebrysatsar NGIR vil tilrå kommunane å vedta for 2018. Her fylgjer satsane med kommentarar. Alle tal er utan meirverdiavgift. NGIR ber kommunen gjera vedtak om gebrysatsar.

Uendra gebyr frå 2017 til 2018

Ordinær töming

I økonomiplanen for 2017-2020 går det fram at slamgebyret kan "*haldast stabilt fram til 2020*". Det har ikkje skjedd store kostnadsendringar sidan i fjor og det vert difor ikkje føreslege endringar i slamgebyr.

Det er budsjettert med kr 645 000 i underskot frå slam dersom gebyret vert halde uendra. For å finansiera dette kan ein nytta utjamningsfondet. Pris i parentes er for 2017.

| | |
|---|--------------------------|
| Gebyr septikslam private | kr 792 (<i>kr 792</i>) |
| Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar | kr 320 (<i>kr 320</i>) |

Naudtøming*/Ekstratøming**

Nokre kundar har trøng for ekstra töming utanom ordinær slamtøming. NGIR fakturerer kunden direkte for dette. Det har ikkje skjedd store kostnadsendringar sidan i fjor og det vert difor ikkje føreslege endringar i desse gebyra. Pris i parentes er for 2017.

| | |
|--|------------------------------|
| Ekstratøming inntil 4,5 kubikk | kr 2 995 (<i>kr 2 995</i>) |
| Naudtøming inntil 4,5 kubikk | kr 5 990 (<i>kr 5 990</i>) |
| Ekstratøming over 4,5 kubikk, per kubikk | kr 524 (<i>kr 524</i>) |
| Naudtøming over 4,5 kubikk, per kubikk | kr 1 047 (<i>kr 1 047</i>) |

*Naudtøming er töming som må utførast på kort varsel utanom vanleg tömeplan grunna akutte uhell eller andre hendingar. Naudtøming skal utførast snarast mogeleg, og innan 24 timer etter varsel frå abonnent eller oppdragsgjevar.

**Ekstratøming er ikkje like akutt som naudtøming, og skal oppfylla følgjande kriteriar: Tøminga er utanom vanleg tömefrekvens og oppdraget skal utførast innan 14 dagar etter at oppdraget er tinga.

Sjølvkostrekneskap og forventa endring av utjamningsfond

Sjølvkostrekneskapen viser eit underskot på kr 666 085 for 2018, som er tenkt finansiert ved bruk av midlar frå utjamningsfondet:

| Resultat 2018 | -645 000 |
|------------------------------|-----------------|
| + Rentekostnader | 1 618 |
| - Renteinntekter bankinnskot | 11 161 |
| - Kalkulatorisk rentekostnad | 11 542 |
| = Sjølvkostresultat | -666 085 |

Ujamningsfondet er venta å verta redusert frå kr 4 139 280 per 01.01.2017 til kr 3 148 722 ved utgongen av budsjettåret.

| Utjamningsfond 01.01.2017 | 4 139 280 |
|--|------------------|
| Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2017 | -408 776 |
| Kalkulert rente utjamningsfond 2017 | 34 788 |
| Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2018 | -666 085 |
| Kalkulert rente utjamningsfond 2018 | 49 515 |
| Budsjettert utjamningsfond 31.12.2018 | 3 148 722 |

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjera vedtak om følgjande gebrysatsar eks. mva. for slam i 2018 (alle satsar uendra frå 2017):

| | |
|---|----------|
| Gebyr septikslam private | kr 792 |
| Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar | kr 320 |
| Ekstratøming inntil 4,5 kubikk | kr 2 995 |
| Naudtøming inntil 4,5 kubikk | kr 5 990 |
| Ekstratøming over 4,5 kubikk, per kubikk | kr 524 |
| Naudtøming over 4,5 kubikk, per kubikk | kr 1 047 |

Handsaming i styremøte 24.10.17:

Samrøystes tilrådd av styret.

Handsaming i representantskapsmøte 13.11.17:

Samrøystes vedteke av representantskapet.

Kjevikdal, 14.11.17

Erlend Kleiveland
Erlend Kleiveland
- økonomisjef -